



# St.prp. nr. 25

(2003–2004)

## Om endringar på statsbudsjettet for 2003 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 14. november 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

Justisdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet for 2003. Forslaga om endringar i løyvinga på nokre av dei regelbundne postene er mellom anna baserte på rekneskapstal pr. 30. september 2003. Departementet vil streke under at tala for forbruk på dei regelbundne postane berre er prognosar, og at dei endelege rekneskapstala kan avvike ein del frå desse prognosane.

### 2 Forslag om endringar

#### Kap. 400 Justisdepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter og post 71 Tilskott til internasjonale organisasjonar*

På grunn av den sterke kronekursen er det venta eit mindreforbruk på 0,25 mill. kr under kap. 400, post 71 Tilskott til Internasjonale organisasjonar for 2003. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 71 med 0,25

mill kr og auke løyvinga tilsvarande under kap. 400, post 01. Forslaget til auking på kap. 400, post 01 vil mellom anna dekkje auka husleige i Justisdepartementet.

#### **Kap. 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning/Kap. 3430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning**

##### *Post 01 Driftsutgifter/post 03 Andre inntekter*

Avtala om poengberekning for fengselsstellet frå 1. januar 1997 har falle bort etter forhandlingar mellom Kriminalomsorga si sentrale forvaltning og dei berørte tenestemannsorganisasjonane. Det er no fastsett eit system der uniformseffektar vert erstatta ved behov etter lokalt fastsette kriteriar. Tenestemenn treng ikkje lenger betale eigeandel for uniformseffektar.

På bakgrunn av endringa og rekneskapstal hitil i år, foreslår Justisdepartementet å setje ned løyvinga under kap. 430, post 01 med 1,4 mill. kr, mot at løyvinga under kap. 3430, post 03 Andre inntekter vert sett ned tilsvarande.

### **Kap. 432 Kriminalomsorgas utdanningscenter (KRUS)**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Justisdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 432, post 01 med 1 mill. kr, som delvis inndekking av meirutgiftene til Dei særskilde etterforskningsorgana, jf. omtale under kap. 460 Dei særskilde etterforskningsorgana.

### **Kap 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten**

#### *Utgiftene til asyl- og utlendingsaker*

#### *Post 01 Driftsutgifter og post 21 Spesielle driftsutgifter*

Ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2003, jf. Innst. S. nr. 260 (2002–2003) vedtok Stortinget å auke løyvinga til politiet sin innsats på asyl- og utlendingsområdet med til saman 88,5 mill. kr. Regjeringa gjorde i St.prp. nr. 65 (2002–2003) greie for nye tal for kostnadene for politiet på asyl- og utlendingsområdet. Det vart og gjort greie for at Regjeringa ville setje i verk fleire ulike tiltak for å auke politiet sin innsats på dette området, og at ein arbeidde på mange felt for å få ned kostnadene. Stortinget vedtok også regjeringa sitt framlegg om å auke plantalet på uttransporterte i asyl- og utlendingssaker frå 8 000 til 10 500. Regjeringa skreiv i St.prp. nr. 65 (2002–2003) at det var stor uvisse om kor store samla løyvingar politiet har behov for på asyl- og utlendingsområdet, og at det kunne verte nødvendig å koma med nye forslag seinare i budsjetterterminen.

Regjeringa legg no fram forslag om tilleggs-løyving på feltet. Hovudårsakene til dette er samansette. Det har teke lengre tid enn føresett å få full effekt av dei effektiviseringstiltaka som skulle setjast i verk, og som låg til grunn for Regjeringa sitt forslag om tilleggløyving i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2003. Det har og blitt meir krevjande uttransportar no enn tidlegare. Dette har mykje å seie både for utviklinga av kostnadane og for talet på uttransporterte i 2003.

Regjeringa prioriterer effektiviseringsarbeidet på asyl- og utlendingsområdet svært høgt. Mange tiltak er allereie sette i verk, og vil få effekt i 2003. Det viktigaste tiltaket på politiet sitt område er etableringa av eit nytt og permanent særorgan under Politidirektoratet. Dette skal ha eit nasjonalt ansvar for alle registreringar og uttransportar. Sommaren og hausten 2003 har det vorte lagt ned eit stort arbeid i å etablere den nye eininga. Dette har skjedd samstundes med monalege forbetrin-

gar i politiet sitt arbeid på feltet. All registrering av nye asylsøklarar skjer no i løpet av 24 timar, og gjennomsnittskostnaden for uttransportane er på veg ned. Denne positive utviklinga har krevd stor innsats og omstilling. Dei tiltaka som enten er sette i verk eller som vil verte sett i verk i 2003 er til dømes desse:

- Auka personellressursar for å redusere bruk av overtid, engasjement og vikarbyrå
- Styrking av kapasiteten til ID-etterforskning, og at denne etterforskninga vert sett inn tidlegare i prosessen
- Betre samordning av uttransportane, mellom anna ved oppretting av eit eige kontor for koordinering av transportar innanlands og utanlands
- Det vert lagt til rette for etablering av sivilt transportkorps med avgrensa politimynde, og at sivilt tilsette sjåførar kan redusere behovet for eksterne transporttenester og politiutdanna personell
- Ny avtale med charterflyselskap for å redusere kostnadane ved uttransportar
- Samlokalisering av funksjonane innan registrering og uttransport
- Utviding av kapasiteten ved Trandum internat, som er viktig for å samle dei som er klare til uttransport for å sikre effektiv transport.

Utan desse tiltaka, ville kostnadene i 2003 vorte høgare enn det Regjeringa her legg til grunn.

Justisdepartementet reknar med at det samla talet på uttransporterte i 2003, må justerast ned frå 10 500 til å verte på om lag 8 500. Tala for 2001 var om lag 5 200 og i 2002 8 065. Etter politiet sine registreringar er det medio oktober 2003 uttransportert om lag 6 400 personar i utlendingssaker, inklusive dei som reiser med IOM (International Organisation Migration). Hovudårsakene til at måлтаlet på uttransporterte må justerast ned er desse:

- Det har vorte enda meir krevjande å finne identiteten til mange asylsøklarar, og kun 6,2 % av asylsøklarane i dei 9 første månadene i 2003 hadde pass. Dette gjer at store ressursar må nyttast til etterforskning i staden for til uttransportar
- Det er stadig auke i asylsøklarar frå land langt borte, og fleire land er representerte enn tidlegare. Dette gjev ei meir kompleks og krevjande samansetting av klientane. Det er og viktig at det i 2003 vil vere langt færre såkalla «enkle» uttransporteringar enn i 2002, noko som vil føre til auka ressursbruk. Reiseavstanden vert lengre, færre uttransporteringar pr.

destinasjon gjer det lite aktuelt å bruke charterfly

- Mange som sit i statlege asylmottak forsvinn frå mottaket like før politiet kjem for å utføre returen. Justisdepartementet reknar med at om lag 1 000 personar har forsvunne som følge av auka politiinnsats hittil i år. Sidan 15.06.2003 har ein måtte avbestille ca. 900 flybilletter til uttransporteringar som var planlagde, på grunn av forsvinningar
- Talet på uttransportar gjennom IOM vil bli lågare enn det ein la til grunn for forslaget til revidert budsjett
- Saker etter Dublin-konvensjonen har vorte meir ressurskrevjande fordi enkelte land har innført kvoter på talet på personer som får returnere, og ein del land krev levering på opptil fleire stader innan kvart land. Dette gjer uttransportane meir krevjande
- Redusert kapasitet hos Utlendingsdirektoratet i transittmottak i austlandsområdet gjev mindre grad av oppsamling av søkjarar enn det som vart lagt til grunn.

Justisdepartementet ønsker ikkje at innsatsen på utlendingsområdet skal gå ut over kampen mot kriminalitet. Justisdepartementet foreslår difor å auke løyvinga under kap 440, post 01 med 25 mill. kr, og løyvinga under kap 440, post 21 med 25 mill. kr.

#### *Overføring av midlar frå post for tilskot*

Som følge av den samla budsjettsituasjonen på politibudsjettet, foreslår departementet å auke løyvinga på kap 440, post 01 med 0,75 mill. kr, mot ein tilsvarende reduksjon av kap 440, post 70.

#### *Post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjøar og vassdrag, kan overførast*

Etter ei vurdering av rekneskapstala, og som delvis inndekking av meirbehovet til politiet, foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap 440, post 22 med 1 mill. kr.

#### *Post 70 Tilskot*

Det vert foreslått å redusere løyvinga med 0,75 mill. kr, jf. omtale under kap 440, post 01.

## **Kap 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten**

### *Post 04 Gebyr – vaktelskap*

Saldert budsjett 2003 er 0,207 mill. kr. På bakgrunn av tal frå rekneskapen og venta utvikling foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 3440, post 04 med 0,65 mill. kr.

### *Post 05 Gebyr i utlendingsaker*

I budsjettforslaget for 2003 vart det foreslått ei løyving på 36,8 mill. kr på ny inntektspost 05 Gebyr i utlendingsaker. Forslaget var basert på eit lovforslag frå Kommunal- og regionaldepartementet om å innføre nye gebyr på søknader om statsborgarskap, opphalds-, arbeids-, og busettingsløyve, med verknad frå 01.01.2004.

Dei nye gebyrordningane vart sette i verk først frå 01.10.2003. Som følge av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 3440, post 05 med 27,8 mill. kr, til 9 mill. kr, jf. også omtale under kap. 441, post 01.

## **Kap. 441 Oslo politidistrikt**

### *Post 01 Driftsutgifter*

I samband med innføring av gebyr i utlendingsaker, jf. omtale under kap. 3440, post 05, vart budsjettet på kap. 441, post 01 auka, for å dekkje meirarbeidet for Oslo politidistrikt. Som følge av at lovendringa vart sett i verk forseinka, reknar Justisdepartementet med at det kan førast over 2 mill. kr frå kap 441, post 01 til andre føremål i 2003.

JD foreslår å redusere løyvinga på kap. 441, post 01 med 2 mill. kr, som delvis inndekking av meirutgiftene til Dei særskilde etterforskningsorgan, jf. omtale under kap. 460.

Det vert foreslått at Justisdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 441, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3441, post 05, jf. forslag til vedtak.

## **Kap. 460 Dei særskilde etterforskningsorgan (SEFO)**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Dei særskilde etterforskningsorgan (SEFO) skal leie etterforskinga av meldingar av embets- eller tenestemenn i politiet eller påtalemakta som skal ha gjort seg skyldige i straffbare handlingar i tenesta.

Det er ein tendens til at talet på store og ressurskrevjande saker auker. Belastninga for etterforskningsorgana har derfor auka over tid. Departementet har begrensa moglegheit til å styre forbruket på posten fordi sakene er av ein spesiell karakter. Ein nedprioritering av sakene med etterfølgjande restanseoppbygging vil vere særskild uheldig med tanke på at ordninga skal ha truverde blant publikum.

På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 460, post 01 med 3 mill. kr. For å dekkje opp det auka behovet blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 432, post 01 med 1 mill. kr og på kap. 441, post 01 med 2 mill. kr, jf. omtale under desse kapitla.

#### **Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.**

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekkjer utgifter til advokatar, sakkunneige og tolkar i straffesaker etter straffeprosesslova kapittel 9 og 9 a. Dei totale utgiftene på kapitlet avhengjer av talet på straffesaker, omfanget av sakene og storleiken på den offentlege salærsatsen. Utgiftene på posten er regelbundne.

Ut fra rekneskapstall og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 466, post 01 med 25 mill. kr.

#### **Kap. 470 Fri rettshjelp**

##### *Post 70 Fri sakførsel*

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til advokatar i saker der det er gjeve fri sakførsel. Utgifte-

ne er regelbundne. På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 470, post 70 med 20 mill. kr.

##### *Post 71 Fritt rettsråd*

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar og rettshjelpere i saker der det er gjeve fritt rettsråd. Utgiftene er regelbundne.

På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 71 med 15 mill. kr.

#### **Kap. 471 Staten sitt erstatningsansvar**

##### *Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving*

I juni vart det inngått forlik i saken mellom Amelia Riis og Staten v/Justisdepartementet på i alt 55,1 mill. kr. Det har ikkje vorte teke omsyn til ein slik utbetaling i budsjettet for 2003. Justisdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 471, post 71 med 53 mill. kr.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer på statsbudsjettet for 2003 under diverse kapitler administrerte av Justis- og politidepartementet.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer på statsbudsjettet for 2003 under diverse kapitler administrerte av Justis- og politidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer på statsbudsjettet for 2003 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet.

## I

I statsbudsjettet for 2003 blir det gjort følgende endringer

## Utgifter

Kap	Post	Formål	Kroner
400		Justisdepartementet (jf. kap. 3400)	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	250 000
		frå kr 192 750 000 til kr 193 000 000	
	71	Tilskott til internasjonale organisasjonar, vert redusert med .....	250 000
		frå kr 8 806 000 til kr 8 556 000	
430		Kriminalomsorgen si sentrale forvaltning (jf. kap. 3430)	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med .....	1 400 000
		frå kr 1 585 654 000 til kr 1 584 254 000	
432		Kriminalomsorgen sitt utdanningssenter (KRUS) (jf. kap. 3432)	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med .....	1 000 000
		frå kr 127 478 000 til kr 126 478 000	
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 3440)	
	01	Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 441, post 01, vert auka med .....	25 750 000
		frå kr 5 676 183 000 til kr 5 701 933 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med .....	25 000 000
		frå kr 91 736 000 til kr 116 736 000	
	22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøar og vassdrag, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	1 000 000
		frå kr 8 163 000 til kr 7 163 000	
	70	Tilskott, vert redusert med .....	750 000
		frå kr 6 246 000 til kr 5 496 000	
441		Oslo politidistrikt (jf. kap. 3441)	
	01	Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 440, post 01, vert redusert med ....	2 000 000
		frå kr 1 231 572 000 til kr 1 229 572 000	
460		Dei særskilde etterforskningsorgana	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	3 000 000
		frå kr 6 739 000 til kr 9 739 000	
466		Særskilde straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	25 000 000
		frå kr 535 500 000 til kr 560 500 000	
470		Fri rettshjelp (jf. kap. 3470)	
	70	Fri sakførsel, vert redusert med .....	20 000 000
		frå kr 342 212 000 til kr 322 212 000	
	71	Fritt rettsråd, vert auka med .....	15 000 000
		frå kr 226 834 000 til kr 241 834 000	
471		Staten sitt erstatningsansvar	
	71	Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving, vert auka med .....	53 000 000
		frå kr 108 340 000 til kr 161 340 000	

## Inntekter

Kap	Post	Formål	Kroner
3430		Kriminalomsorgen si sentrale forvaltning (jf. kap. 430)	
	03	Andre inntekter, vert redusert med ..... frå kr 11 508 000 til kr 10 108 000	1 400 000
3440		Politidirektoratet – Politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 440)	
	04	Gebyrer – vaktelskap, vert auka med ..... frå kr 207 000 til kr 857 000	650 000
	05	Gebyrer – utlendingssaker, vert redusert med ..... frå kr 36 800 000 til kr 9 000 000	27 800 000

## II

## Merinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Justis- og politidepartementet i 2003 kan:

overskride løyvinga under  
kap. 441 post 01

mot tilsvarande meirinntekter under  
kap. 3441 post 05



